

Sakshandsamar: Stig Ove Ølmheim, ordførar
Sak nr.: 2025/4746 - 1

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
------------	----------	-------

		Formannskapet
--	--	---------------

		Kommunestyret
--	--	---------------

Parkeringsgruppe for Fjærland

Ordføraren rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Sogndal kommunestyre vedtek å setje ned ei parkeringsgruppe for Fjærland
2. **Mandat:** Parkeringsgruppa skal sjå på den overordna parkeringssituasjonen i Fjærland og utarbeide eit innspeldokument som vedlegg til kommunal parkeringsstrategi 2040

Mandatet omfattar følgjande:

- Greie ut ulike modellar for **organisering, eigarskap og drift** av parkeringsareal i Fjærland, med **moglegheiter for kommunalt eigarskap og styring**.
 - Vurdere etablering av eit **eige parkeringsfond**, der inntektene frå parkering vert øyremerkte tiltak som kjem bygda til gode.
 - Vurdere korleis kommunen kan samarbeide med grunneigarar, næringsaktørar og bygdeutvalet for å sikre **bærekraftig bruk, god trafikkavvikling og lokal verdiskaping**.
 - Leggje vekt på **berekraftige løysingar** som tek omsyn til miljø, natur, og utvikling av reiselivet.
 - Gje ei oversikt over eksisterande reguleringar, behov for rettsleg avklaring og forvaltningsrammer, samt tilrå alternative løysingar for innkrevjing, drift og vedlikehald.
3. **Medverknad:** Gruppa skal gjennomføre minst eitt ope folkemøte i Fjærland. Innspel frå møtet skal dokumenterast og reflekterast i det endelege innspeldokumentet. Det kan knytast til referansegrupper ved behov.
 4. **Tidsramme:** Parkeringsgruppa skal leggje fram eit innspeldokument innan **1. oktober 2025**, med målsetjing om politisk handsaming i løpet av året.
 5. **Samansetjing av gruppa:**

Leiar (politisk):

Bjarte Haugen

Representantar frå næring i Mundal sentrum:

- Jarle Mundal - fleire bedrifter som eig parkeringsplassar
- Steinar Dvergsdal - Busenteret
- Randi Finne - Den Norske Bokbyen
- Berit Karin Supphellen - Bøyum Camping

Andre aktørar:

- Eivind Ødegård - Fjærland Bygdeutval
- Anne Mundal Skjelten - Norsk Bremuseum og Fjærland Næringssamanslutning
- Hege Våtevik - Bondelaget

Gruppa kan knytte til seg referansegrupper ved behov.

6. **Sekretariat:** Kommunedirektøren peikar ut sekretær frå administrasjonen.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Det er behov for ei gruppe som kan jobbe med parkeringsstrategi i Fjærland. Eigarar og næringsdrivande har behov for parkeringsregulering, og at dette kjem i ordna former.